

Krigsrapport frå landsbyar i

SYRIA: Kva slags krig fører Tyrkia i Syria? Kva er målet? Ei rundreise i nordlege Syria i august gav meg berre delvis svar.

løpet av to veker såg eg resultat av krigshandlingar i byar og landsbyar. Berre tre av dei angrepa i august som eg fekk vite om, var retta mot militære anlegg eller militært område. Før eg reiste frå Syria, bad eg om hjelp frå ein journalist i Ronahi, ei avis som blir utgitt på arabisk og kurdisk. Kunne ho samle alle meldingane om angrep på sivile i løpet av august? Ho lova å prøve.

Rapporten ho sende meg, er eit samarbeid med nyhendebyrået Hawar, som har medarbeidarar i heile det sjølvstyrte området i Syria og kjelder i nokre okkuperte landsbyar. Både Ronahi der dei fleste medarbeidarane er kvinner, og Hawar starta opp etter det kurdiske opprøret mot Assad-regimet i 2012. Eg lit på at opplysingane deira er til å stole på. Tyrkiske styresmakter, derimot, seier at begge er underbruk av PKK (Det kurdiske arbeidarpartiet).

Det blir sagt at sanninga alltid er første krigsoffer. Eg trur knapt det finst objektiv rapportering om korleis krig går ut over sivile. Dei okkuperte og okkupasjonsmakta har ofte ulike versjonar. Omtale av norske sabotasjeaksjonar under den tyske okkupasjonen gir mange eksempel. Aftenposten, som okkupasjonsmakta lét kome ut, og illegale motstandsaviser hadde ulike versjonar.

Rapporten eg fekk, dekkar 27 dagar i august og er utarbeidd av journalistar som er mot okkupasjonen.

ALLE SLAGS VÅPEN

Rapporten viser eit mønster: angrep mot bustadområde i fleire byar, mot landsbyar, mot åkrar, vassforsyning og kraftlinjer. Alle slags våpen og metodar: kampfly, dronar, bombekastarar,

bakke-til-bakke-raketar, lett og tungt artilleri – og kalasjnikov, der avstanden er kort. Nedhogging eller brenning av frukttre i landsbyane og av skog i utmarka. Stenging av elver. Kidnapping. Mishandling.

Syrias demokratiske styrkar (SDF) hadde mange falne da dei tapte kampen mot dei tyrkiske invasjonane i 2016, 2018 og 2019. No gjennomfører SDF nålestikkaksjonar mot okkupanten.

Rapporten oppgir namnet på 121 landsbyar og nokre byar som okkupasjonsmakta har angripen. I nokre tilfelle er det angrep dag etter dag mot same landsby. Det er få døde. Mange er skadde. Fleire fekk skotskadar da dei flykta frå angrep.

KRIGSBROTTSVERK?

Statuttane til Den internasjonale straffedomstolen seier det er krigsbrottsverk når ein krigførande part med vilje rettar angrep mot sivilbefolkninga eller mot sivile enkeltpersonar som ikkje deltar direkte i krigshandlingane.

Pilotane, droneoperatørane og bakkestyrkane ser ut til å behandle alle sivile likt. Dei skyt mot muslimar, jesidiar og kristne, mot kurdarar, assyrarar, tsjerkessarar, armenarar og turkmenarar. Alle er krigsmål, ingen er trygge.

Resultatet av den tyrkiske krigen i Nord-Syria i august 2021 kan sterkt forenkla oppsummerast slik:

Pilotane, droneoperatørane og bakkestyrkane ser ut til å behandle alle sivile likt.

* Sju sivile er døde.

* Fleire titals vaksne og ungar er alvorleg skadde. Hundretals har lettare skader.

* Nye flyktingar. Ingen veit kor mange.

* Skadar av ukjend omfang på bustader, andre bygningar, kraftlinjer og vassforsyning.

* Nedbrend skog. Øydelagd olivenlundar i Afrin. Øydelagd matproduksjon langsmed tørrlagde elver. Sjukdom fordi landsbyar og ei par byar vart utan reint drikkevatt.

* Bortføring av sivile har gitt ekstraintekter til soldatar.

KVEN FØRER KRIGEN?

Alle luftåtaka er styrte frå Tyrkia. Regulære tyrkiske styrkar utfører ein mindre del av åtaka på bakken. Små og store jihadistgrupper har sine egne mål, men er no leigesoldatar for Tyrkia. Dei som er samla under paraplyen SNA (Syrias nasjonale hær), er tyrkisk styrte og finansierte.

Elles er det ei rufsete blanding av store og små grupper. Dei fleste er syrarar. USA har hjulpet fleire av dei. Mange har vore IS-krigarar. Rojava Information Center (RIC) kunngjorde for eit år sidan namna på 43 tidlegare IS-krigarar, med foto, personopplysningar og krigskarriere. No er dei leigesoldatar. Nokre har fått trening og ny uniform i Tyrkia.

KVA HANDLAR KRIGEN OM?

SDF seier dei forsvarar det nye sjølvstyret i Nord- og Aust-Syria og vil kaste ut okkupanten.

President Recep Tayyip Erdogan seier til FN og allierte i Nato at Tyrkia fører ein nødvendig krig i Nord-Syria for å nedkjempe terroristane frå PKK.

Heime i Tyrkia legg han meir og meir vekt på eit anna mål: å gjennomføre Misak-1 Milli, den nasjonale pakta som det siste osmanske parlamentet vedtok i 1920. General Mustafa Kemal, som vart den første presidenten i Tyrkia, skreiv denne pakta.

Anadolu, det statseigde nyhendebyrået i Tyrkia, slår fast at pakta «gav Tyrkia rett til å styre eit territorium frå Syrias Aleppo til Iraks Kirkuk som tyrkisk jord». Pakta seier altså at det fruktbare området som blir kalla Syrias oljebrønn og kornkammer, er tyrkisk land. Lausanne-avtalen i 1923 – fredslutninga etter første verdskrigen – avviste dette kravet.

For fire år sidan sa Erdogan at han «held fram med å arbeide dag og natt» mot målet om å gjere Tyrkia større. I ein tale for nokre veker sidan slo han fast at vi nærmar oss 2023 – 100-årsdagen for Lausanne og for opprettinga av staten Tyrkia: Det skal bli «den største milepælen på vegen mot å bygge eit stort og sterkt Tyrkia».

Den tyrkiske presidenten opnar ikkje for tvil om Syria: «Vi er der. Og vi vil bli verande der.»

ERLING FOLKVORD

Erling Folkvord er styremedlem i den norske organisasjonen Solidaritet med Kurdistan. I denne sammenhengen representerer han ikkje denne organisasjonen.

Nokre eksempel frå Nord-Syria i august:

2. august: Aisha al-Hassan (40) og den fire år gamle sonen Hussein Salem blir alvorleg skadde da okkupasjonsstyrkar skyt mot landsbygda utanfor byen Tel Tamer. Styrkane bruker bombekastarar og tungt artilleri mot landsbyen Al-Dardara. Ein reporter frå Hawar rapporterer at befolkninga blir fordreven frå denne og andre landsbyar i området.

4. august: Tyrkiske styrkar og leigesoldatar skyt med tungt artilleri mot Tal al-Ward, Rabiati, Umm al-Kif og andre landsbyar i Zrgan-distriktet. Utpå kvelden skyt dei mot den assyriske landsbyen Tel Shanani.



I eit angrep med tanks klokka halv tre om natta drep soldatane fire personar i ein familie som bur i landsbyen Safavid, ikkje langt frå byen Ain Issa. 54 år gamle Zidan Khalaf al-Asa og borna Ziad, Mona og Hoda mistar livet. Borna er mellom åtte og ti år gamle. Mora og ei eldre dotter vart alvorleg skadde.

7. august: Tyrkiske soldatar set enda ein gong fyr på fleire skogkledde område i Afrin. Leigesoldatar bortfører 30 år gamle Shukri Ahmad Kendy frå landsbyen Hammam-al-Turkmen, ikkje langt frå den tyrkiske grensa. Han har levd som flykting i Aleppo. Etter at far hans betaler 20.000 dollar til leigesoldatane, får han kome heim. Dei lovar at ingen vil angripe han.



11. august: Leigesoldatar bortfører Aziz, med kallenamnet Abu Nidal, i landsbyen Arende i den okkuperte Afrin-provinsen. Dei krev 7000 dollar i løysepengar for å sleppe han fri og la han få tilbake eigedommen sin.



12. august: 15 år gamle Mohammed Mohammed og ein annan ungdom steller med husdyra ved landsbyen Miasa i Afrin-pro-



Onkel og nevø som eg møtte i det utbomba huset deira

vinen. Mohammed mistar livet da han går på ei mine som leigesoldatar har grave ned. Den andre blir alvorleg skadd. Tyrkisk etterretning og leigesoldatar kidnappar to kvinner og eit spedbarn i landsbyen Hammam-al-Turkmen. Leigesoldatar hogg ned 130 oliventre i to landsbyar i Afrin-provinsen.

